



STORD NÆRINGSRÅD

STORD NÆRINGSRÅD SØKJER

Dagleg leiar

Me er på jakt etter deg som ser jobben som ein moglegheit til å vidareutvikle Stord Næringsråd, godt forankra i det fundamentet som er bygd opp dei siste åra. Med samfunnsengasjement og entusiasme for eit næringsliv i endring, blir din jobb saman med medlemmene å skapa gode møteplassar med fagleg påfyll. Dagens leiar vil frå 1. september 2020 gå over i nyoppretta prosjektstilling, og ha ein mindre fast stillingsprosent i Stord Næringsråd.

Du må:

- Ha kjennskap til verdiskapinga og næringslivet på Stord og i regionen.
- Vera strukturert og operativ med evne til å jobba sjølvstendig.
- Ha kjennskap til dei ulike forvaltningsnivåa i det offentlege.
- Ha evne og interesse for å bygga nettverk, samt ha god rolleforståing.
- Vera god i munnleg og skriftleg kommunikasjon. Stord Næringsråd brukar nynorsk som skriftspråk.
- Ha god kjennskap til bruk av sosiale medier.

Det er ønskeleg at du har leiarerfaring, og god strategisk kompetanse. Det er også ønskeleg med høgare utdanning på minimum bachelor-nivå, og at du har arrangementskompetanse.

Som talerøyr og høringsinstans for næringslivet er det viktig at du har evne til å gje konstruktive og balanserte innspel.

Me tilbyr ein spanande jobb, kor du får moglegheit til å utvikle deg, og til å setje ditt preg på Stord Næringsråd. Me tilbyr løn etter avtale, kantineordning og godt arbeidsmiljø i eit velfungerande kontorfellesskap i Kunnskapshuset.

Søknadsfrist: 14.april.

Send søknad til: post@stordnaeringsraad.no **Tilsetjing frå 1.september 2020.**

For spørsmål: kontakt styret ved Karoline Eldøy, mob. 906 61 631.

Stord Næringsråd er ein frittstående interesseorganisasjon, og det sjølvskrive fora for diskusjon av spørsmål som vedkjem næringslivet i Stord. Stord Næringsråd er ein synleg interesseorganisasjon og talerøyr for næringslivet, som jobbar for eit lokalsamfunn med fokus på verdiskaping. Frukostmøta er vår faste møteplass for påfyll og relasjonsbygging, og i 2019 var det 722 deltakarar på frukostmøta. Stordkonferansen, som i 2019 var arrangert for 20. gong, er eigd av Stord Næringsråd, og er det største enkeltarrangementet vårt. Atheno og NCE Maritime CleanTech er medarrangørar på Stordkonferansen. Stord Næringsråd har lokale i Kunnskapshuset i kontorfellesskap med mange andre bedrifter og organisasjonar. Våre hovudsamarbeidspartnarar er Kværner, Sparebanken Vest og Haugaland Kraft. Stord Næringsråd er med i Næringsalliansen, Vestland.